

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Olav Grov
Arkivsaksnr.: 21/54-2

Arkiv: 223 U01

Sogn Regionråd. Søknad om midlar til etablereropplæring og nettverk

Rådmannen si tilråding:

Sogn regionråd får eit tilskot stort kr 30.000 til prosjektet «etablereropplæring for minoritetsspråklege og nettverk for mangfaldig rekruttering».

Tilskotet vert finansiert av posten 32503 14703.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg: Søknad frå Sogn regionråd

Utval som har vedtaksmynde: Næringsutvalet

Fakta:

Kommunane i Sogn har sett i gang det fireårige prosjektet «Sogn for alle». Prosjektet er omtala slik i eit samandrag:

Kommunane i Sogn satsar heilskapleg på integrering av innvandrarakar. Innvandrarakar representerer ein viktig ressurs for sterke vekstbedrifter og gode lokalsamfunn. Gjennom prosjektet ønskjer vi å bli betre på å nytta moglegheitene som innvandringa bringer med seg.

Målet med prosjektet Sogn for alle er å sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarakar. Ei vellukka integrering vil kreve innsats og samhandling frå offentleg og privat næringsliv og frivillig sektor.

Prosjektet er delfinansiert med tilskot frå fylkeskommunen.

Det føreligg no ein søknad til kommunane i Sogn Regionråd om finansiering av to tiltak som prosjektet står bak og som det vert sett på som viktige å komme i gang med:

-etableraropplæring for minoritetsspråklege

-nettverk for mangfaldig rekruttering og mangfaldig arbeidsliv

I søknaden frå Sogn Regionråd heiter det:

Søknad til kommunale næringsfond

Arbeid er ein sær s viktig faktor for at folk skal kome til Sogn og for at dei skal bli. Arbeidskraft med rett kompetanse er avgjerande for næringslivet. Vi ønskjer å gjennomføre ulike aktivitetar som kan styrke næringslivet si evne til å inkludere og integrere personar som kjem flyttande til regionen og spesielt personar som er nye i det norske arbeidslivet. Slik ønskjer vi samstundes å sikre betre tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

Meir kompetanse og medvit om arbeidsinkludering vil kunne betre prognosane om nedgangen i befolkningstala. Innvandring er ein sær s viktig faktoren å spele på lag med for å sikre distriktsutvikling og næringsutvikling.

Covid -19 utfordrar arbeidsmarknaden og vi ønskjer med dei omsøkte tiltaka å ruste regionen til å møte utfordringane innan kvalifisering og rekruttering.

Tiltaka inngår i prosjektet Sogn for alle, ein regional satsing for å skape auka sysselsetting og deltaking, spesielt for arbeidsinnvandrarar og flyktningar. Næringsnettverket i Sogn vil vere involvert i tiltaka, som er forankra i kommunane i Sogn regionråd og i styringsgruppa til prosjektet. Næringsnettverket har stor eigeninnsats i desse aktivitetane. Denne eigeninnsatsen består av deltaking på etableraropplæringa og i nettverket.

Sogn regionråd vil sette i verk fleire aktivitetar i 2021 som støtter opp om dei tiltaka vi her søker midlar til. Det vil mellom anna bli gjennomført lokale frukostmøter for mobilisering av bedriftene i dei sju kommunane som utgjer Sogn regionråd. Det vert også gjennomført eit mentorprogram som rettar seg mot tilsette som tek i mot dei som kjem nye inn på arbeidsplassen. Formålet med mentorprogrammet er å auke bedriftene sin inkluderingskompetanse. Mentorprogrammet er finansiert av Sogn regionråd og fylkeskommunen.

Tiltak:

1) Etableraropplæring for minoritetsspråklege

Det der i vår region innvandrarar som har idear og planar om å starte eigen verksemd. Vi ønsker å tilby etableraropplæring for minoritetsspråklege med tema grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter for å starte bedrift i Norge. Målet er at dei i større grad skal lykkast med ein levedyktig etablering. Opplegget vert skreddarsydd for personar som ikkje har bakgrunn frå det norske arbeidslivet og vi byggje vidare på erfaringar som er gjort andre plasser, jf. Fafo-rapporten På egne bein. Evaluering av et tiltak for innvandrere som vil starte egen bedrift. (2018).

Vi søker her om midlar til å kjøpe slik opplæring av dei best kvalifiserte tilbydarane og til å gjennomføre samlingane. Vi står sjølv for planlegging og organisering av tiltaket. Næringsnettverket deltek.

Arbeidet kan starte så fort finansiering er på plass.

2) Nettverk for mangfaldig rekruttering og mangfaldig arbeidsliv

Vi ønskjer å mobilisere store bedrifter til å jobbe saman i eit nettverk. Nettverket retter seg mot dei som har eit rekrutteringsbehov på lang eller kort sikt, og som er oppteken av mangfaldig rekruttering og mangfaldig arbeidsliv. Målet er å jobbe vidare med god, ikkje diskriminerande, rekrutteringspraksis og å sikre at bedriftene utviklar seg vidare som mangfaldige arbeidsplasser. Ønskja effekt er vekst og utvikling i bedriftene gjennom rett kompetanse og god bruk av mangfaldet i bedrifta. I nettverket løfter vi fram dei gode historiene og den gode praksisen og bidreg med auka kunnskap om tema. Vi arrangerer tur for å bli inspirert av dei beste døma.

Vi søker om midlar for å kunne tilby bedriftene den beste kompetansen og gode samlingar og for at vi skal kunne hente inspirasjon andre plasser gjennom felles tur.

Planlegginga har starta, forankring av tiltaket og mobilisering av dei rette verksemdene vil ta noko tid. Vi vurderer at nettverket kan vere oppe å gå i februar.

Kostnadsplan

Tittel	Kva	SUM
<i>Etableraropplæring for minoritetsspråklege</i>	<i>Innkjøp av tenester og utgifter til samlingane</i>	<i>175 000</i>
	<i>Planlegging, utvikling og organisering av program.</i>	<i>75 000</i>
	<i>Deltaking og bistand frå næringsnettverket</i>	<i>49 000</i>
<i>Nettverk for mangfaldig rekruttering</i>	<i>Kvartalsvise samlingar, innleiarar og ein studietur</i>	<i>95 000</i>
	<i>Planlegging, innhald, gjennomføring</i>	<i>75 000</i>
	<i>Deltaking og bistand frå næringsnettverket</i>	<i>56 000</i>
Sum kostnad		525 000

Finansieringsplan

Tittel	SUM
<i>Sogn regionråd</i>	<i>150 000</i>
<i>Kommunalt næringsfond*</i>	<i>270 000</i>
<i>Næringsnettverket i Sogn - eigeninnsats</i>	<i>105 000</i>
Sum finansiering	525 000

**Fordeling: Sogndal kr. 90 000 og Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Vik og Årdal kr. 30 000*

Vurdering

Det har vore brei semje i Sogn Regionråd om å få finansiert det fireårige prosjektet «Sogn for alle» som eit framtidretta og viktig arbeid i regionen. Prosjektleiaren er no kommen godt i gang og det er oppretta fleire arbeidsgrupper. I styringsgrupper og arbeidsgrupper i prosjektet er det brei deltaking frå ulike offentlege forvaltningsnivå, skuleverket, friviljuge organisasjonar og næringslivet. Luster kommune er utfordra på å delta med kr 30.000 til finansieringa av prosjekta nemnde ovanfor. Det er og dei andre kommunane i Sogn utanom Sogndal kommune som er utfordra om å delta med 90.000 kr. Lærdal og Aurland har gjort positive vedtak.

Rådmannen vil tilrå at Luster kommune også deltek med kr 30.000 i finansiering. Arbeidet med integrering og å få fleire innvandrarak inn i arbeidslivet skal ha høg prioritet.

Dato: 14.1.21

Jarle Skartun
rådmann

Olav Grov
Næringsjef

Særutskrift til:
<Heidi.Elisabeth.Myrvold
@sogndal.kommune.no>
Kopi: Stig Omar Eider,

her